

# Halling- lom



Lagsblad for Hallinglaget ~ i Oslo ~  
~ N.R. 1/15



# **INNHOLD**

<b>Innhaldsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Innkalling til årsmøte</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>Hallingspringarkurset i fjor</b>	<b>side</b>	<b>7</b>
<b>Hardingfele til leige</b>	<b>side</b>	<b>8</b>
<b>Årsmelding for Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>9</b>
<b>Minikurs i hallingspringar</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Program for våren</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Årsmelding for Hallingbu</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Lagsinformasjon</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Folkemusikkveka på Ål</b>	<b>side</b>	<b>17</b>
<b>CD-slepp med Ulf-Arne</b>	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>Ål spel- og dansarlag på Operaen</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Bygdedyret i Hallingdal?</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Eit bra bilde frå ifjor</b>	<b>side</b>	<b>20</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>22</b>

# Fyriord

*No skriv me 2015,  
og eg håper det blir eit godt nyttår for alle og eit godt danseår i Hallinglaget!*

Siste året var eit aktivt år i Hallinglaget, me fekk samla mange av laget sine dansarar på turar til Folkemusikkveka på Ål, til Landskappleiken på Geilo og til den store folkemusikkhelga her i Oslo som inneholdt konsert, Oslokappleik og den folkemusikalske framsyninga på Operaen! Hallinglaget deltok i lagdans under Landskappleiken på Geilo og på Oslo-kappleiken. Me fekk ikkje store plasseringar, men lagdansen skaper eit godt samhald i laget. Det er moro å vera med, sjølv om me ikkje hevdar oss ... så kanskje me skulle øve meir og skjerpe oss dette året? I år er Landskappleiken på Fagernes, den er slått saman med Jørn Hilme Stemnet siste helga i juli (frå 19. – 26. juli). Her vil mange frå laget være med.

I fjor vart det ekstra stor aktivitet på Hallingbu, etter den sjokkerande oppdaginga om at pipa var knekt måtte laget hente fram alt av eigne ressursar for å ordne opp. Alt måtte gjerast rimeleg, for me har ikkje «så mykje peng» på bok. Så stillaset vart bygd på dugnad, om lag utan kostnad for laget, og fraktedugnaden der mange møtte opp var ei stor hending der me «flytta fjell»! Underteikna måtte ta i det han kunne for å banke ned pipa, det var hardt arbeid! Heldigvis var andre med som støtte og hjelpt på dei fleste turane. Muraren me fekk tak i var veldig flink, så sjølve oppmuringa av pipa gjekk greitt. Til slutt vart det ein ekstra runde med å slamme pipa, før stillaset vart tatt ned rett før frostnettene ...

I fjor haust gjorde eg ein ekstra innsats med å prøve å få med fleire hallingar i laget. For dei siste åra har det ikkje vore noko rekruttering frå dalen vår! Det er trist for korleis skal det gå med Hallinglaget på sikt? I dag er det danseinteresserte folk frå andre kantar av landet som heldt liv i oss og godt er det! Eg laga til ein serie med artiklar i lokalavisa vår Hallingdølen utan at det gjorde sitt til at hallingar møtte opp! «Artikelserien» min var som fylgjer:

- *Hallingbu krev innsats!*
- *Jubileumsfest i Hallinglaget*
- *Bli med i folkedansmiljøet i Oslo*
- *Hallingspringarkurset sist haust vart ein suksess!*

Under førebuingane til Jubileumsfesten saman med Valdreslaget var eg så aktiv at eg også kom i spalta «Folk i farta» i Hallingdølen! Men utan att nye hallingar dukka opp i Nordahl Bruns gate! (vel kanskje to ;). Så me har ikkje funne nykkelen til å få med «byhallingar».

Dei synes å vere særstak med anna i hovudstaden. Det beste slagordet eg kom på i haust var «sosial trim», og det står eg ved. Dans er sosialt og morosamt og dansegolva i hovudstaden er mange. Ofte er Hallinglaget med på å setja farge på dansegolva, og det vil me fortsetja med. For det er ingen stad i Noreg som har fleire spelemenn i nærleiken, her kan ein danse til kremen av god norsk folkemusikk og gamaldans fleire gonger i veka.

Drifta av Nordahl Bruns gate 22 går bra, gjelda er borte og ein driv no og pussar opp og utbetrar garden på beste måte. Alle har vel sett den flotte fasaden ut mot Nordahl Bruns gate? – den er no i ei fin burgunder farge. Mykje er også blitt gjort inne i garden dei siste åra, så kom på ei tilskiping og sjå korleis det ser ut! Meir skal også gjerast framover. Alle hyblane og leilegheitene i Nordahl Bruns er no leigd ut til skikkelege folk som betalar for seg. Olav Thon Gruppen gjer ein særstak god jobb med å drifta garden (dei skal gjere det i fem år, og har vel to år att?). Dette gjer det enklare å vere med i styre og stell i BLS. Men hugs at det er særstak viktig at bygdelagsfolk er med å tar i eit tak, for at alt skal bli så bra som mogeleg.

Heldigvis vart helgekurset vårt, som me skipa til 8. og 9. november, vellykka. Kurset samla over førti personar, og alle var nøgde etterpå, så då må ein vere nøgd! Ein stor takk til alle som møter opp slik at tilskipingane våre går bra. Så lenge folk kjem vil me halde fram med dette, for det er viktig å halde kontakten med Hallingdal. Denne gongen var det meisterdansaren Ulf-Arne Johannessen som instruerte, og på sundagen var også Silje Risdal Liahagen med som instruktør. Sjur Borge frå Gol spelte på kurset. Folk meldte seg på, og for eit kurs! Sjå eigen artikkel om kurset i dette nummeret av Hallingljom. Litt sjølvskryt til slutt: ingen slår Hallinglaget i å lage til kurs, berre lunsjmaten er verdt inngangspengane!

Så gjentar eg det eg skreiv i fjar: ”Garden vår er arvesylvet til Bygdelaga. Garden må fortsetja å vere ein samlande stad for laga i BLS, og vere ein bastion for den folkelege amatørkulturen i hovudstaden. Her må alle som driv med folkedans, gamaldans, folkemusikk, song og teater få drive med det dei er mest glade i!

***Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!***

***Bli med å dans i året som kjem ...***

***Kos dikkon med Hallingljom!***

*Beste helsingar  
frå Terje Grangård  
Leiar i Hallinglaget*



*Hallingbu – Hallinglaget si største eige. Vær med og bidra på hytta i det nye året.*

# **INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2015 I HALLINGLAGET I OSLO**

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget  
Onsdag 18. februar kl. 19.00  
i  
Blåsalen  
Nordahl Bruns gt. 22.**

## **Sakliste:**

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2014
4. Godkjenning av rekneskapen for 2014
5. Arbeidsplan for år 2015
6. Fastsettjing av prisar og medlemspengar
7. Val av nytt styre (4–6 pers.), hyttestyre (3-4), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 4. februar 2015.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2014, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Vel møtt!

## Hallingspringarkurset sist haust vart ein suksess!

Hallinglaget sitt årlege helgekurs sist haust vart ein suksess. Det er vel snart 30 års jubileum for desse kursa og i år samla me nesten 40 ivrige dansarar i Bygdelagssamskipnadens sine lokale i Nordahl Bruns gate 22. Hallinglaget er eitt av bygdelaga som eig denne kjempefine bygarden midt i byen med leilegheiter, hyblar og tre fine dansesalar som laga kan leige til ein rimeleg penge. Utan desse salane hadde ikkje laga overlevd, og utan god tilstrøyming av dansarar frå alle kantar av landet hadde det heller ikkje gått så bra. For den einaste skuffelsen var at det ikkje var nokon nye hallingar som fant vegen til dette kurset!

Kurset gjekk over to dagar, fire timer kvar dag, med særskilt god lunsjmat i pauza. Her lager kvinnene i Styret i Hallinglaget til så god mat at folk kjem att år etter år. Dette året hadde me fått samla ein fin gjeng som lærde fort og med Ulf-Arne Johannessen i storform er det verkeleg moro. Medinstruktør på sundagen var Silje Risdal Liahagen som viste sviving på ein særskilt overbevisande måte. Ho kunne telle takten medan ho sveiv, slik det skal gjerast! Og me henne kunne Ulf-Arne syne turar og overgangar i "langsam kino" – for ein balanse og kontroll! Me fekk eit innblikk i kor grundig og detaljert ein må kunne dansen for å bli norgesmeister i dans. (Ulf-Arne fekk Kongepokal saman med Ingunn Stræte Lie på Geilo i 2009).



Fotograf: Svein Aasen.

DANSEGLADE FOLK: Nokre av dei mange deltakerane på helgekurset. I fyrste rad frå venstre sit to ungdomar frå BUL, deretter Silje Risdal Liahagen, Ulf-Arne Johannessen og Anne Cathrine Johansen som dansar både i BUL og Hallinglaget.

Sjur Borge er nummer tre frå venstre i kvit T-skjorte.

Musikken til eit dansekurs er også viktig, i år spelte Sjur Borge frå Gol for oss. Det var fyrste gongen han spelte for Hallinglaget, og det var stødig og godt spel frå start til slutt. Då han måtte gå ein halvtime før slutt, for å rekke toget, tok Ulf-Arne over på einpikkarn sin! Det vart ei fin avslutning på kurset, med variert spel. Ulf-Arne har akkurat slept ein ny CD som heiter «Einpikkarn», og det var nokre som sikra seg eit eksemplar av denne.

No sit me alle rikare tilbake, etter ei helg med hallingkultur på sitt beste. Eg blir rørt og glad over kor rik og god dansetradisjon me har i Hallingdal, og tilbakemeldingane frå kurset var at alle som deltok på dette kurset var særsla nøgde. Nokre sa også at dette var det beste dansekurset dei hadde vore med på. Så Hallinglaget må vel skipa til eit nytt kurs neste år? Me kan og vil det. Då hadde det vore søkkande moro om det kom mange hallingar.

*Leve folkedansen ...*

Terje Grangård

PS: *Denne artikkelen fekk eg også inn i Hallingdølen, torsdagen etter kurset. Takk te verdens beste lokalavis for **det** – så får me håpe at hallingane les ho grundig og godt!*

## HARDINGFELE TIL LEIGE

Hallinglaget har ei Einar Løndal hardingfele frå 1983, som laget kjøpte i 1996 for 18.500 kroner. Fela er bra og ho har dei siste tre åra vore leigd ut til Peter John Warner som har lært mykje. Det har vore svært gledeleg at han har kvittert med ein liten konsert for oss dei siste to åra! Peter John har vore nøgd med fela, men avslutta leigeavtala i fjor haust etter tre år.

Så no kan ein ny person få leigd denne fela til ein rimeleg pris. Dei som er interessert kan få tilsendt ”Felereglane. Reglane seier at etter to år skal fela leigast ut til ein ny person om det er fleire som vil leige ho! Etter å ha leigd fela i to år må ein vite om ein vil investere i si eiga fele, og det er mest solidarisk at ein ny person får prøve seg.

Kravet til den som leiger fela er at vedkomande er medlem i Hallinglaget, og at ein setter på nye strenger når ein leverer fela tilbake! Prisen for å leige fela har dei siste åra vore 800 kroner, og det er rimeleg for Hallinglaget betaler forsikringa! Prisen kan bli auka med ein hundrelapp dette året (Styret avgjer!). I reglane er det også nemnt eit depositum for å få leigd fela, men det har me ikkje praktisert. Me synes det er nok at den som leigar fela forsikrar at ein er interessert og vil ta vare på hardingfela etter beste evne!

*Terje*

# Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2014

## Styret:

Leiar: Terje Grangård  
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen  
Kasserar: Elin Berget  
Skrivar: Sigbjørn Galdal  
Styremedlem: Else Mohn  
Styremedlem: Simon Hesselberg Løvald

## Hyttestyre:

Hyttesjef: Else Mohn  
Medlemer: Michel Gascoin, Trond Roseth, Mari Nustad og Hilde Kirkebøen.

**Bladnemnd:** Terje Grangård, Svein Aasen og Olav Arne Løstegaard.

**Danseleiar:** Simon Hesselberg Løvald

**Valnemnd:** Ola R. E. Imset, Grete Iversen og Svein Aasen.  
**Revisor:** Alix Cordray

Hallinglaget hadde årsmøte den 19. februar i 2014. Dette året hadde Hallinglaget 38 fullt betalande medlemer og 8 bimedlemer. Av medlemene var ein person under 26 år. Dette var ein nedgang frå året før, så me må hugse å minne folk om medlemskap ved utsendinga av andre Hallingljom tidleg på hausten. Laget håper å få med fleire medlemer og unge neste år.

Dette året har vore eit aktivt danseår, der mange gode spelemenn og kvinner har spelt for oss. Våren 2014 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gate 22, samt ei ekstraøving for dei som dansa lagdans på Landskappleiken på Geilo. Det var særsvariert spel på desse øvingane: Hilde Kirkebøen, Ola R. E. Imset, Atle Haugen og Karin Code på hardingfele, samt Bjørn Aasheim og Halvar Opheim på torader.

Hausten 2014 hadde Hallinglaget 7 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Hilde Kirkebøen spelte mest, men Ola R. E. Imset spelte to gonger og Karin Code ein gong. På ei av øvingane til Hilde kom også Ulf-Arne Johannessen innom og spele ei økt på einpikkarn sin, så då fekk Hilde dansa også. På mest alle øvingane dette året er det servert heimebaka kake, noko folk set stor pris på. Øvingskveldane har hatt eit oppmøte på 12 - 20 personar. Styret synes at det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden, og takker våre gode spelemenn/kvinner som spelar så bra for oss.

Dette året er det halde fire styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift. Styremøta har vore i lagsrommet vårt innafor kjøkenet i Nordahl Bruns gate, på ein onsdag før springarøvingane startar opp. Til mat er pizza servert. Som alltid er stemninga på styremøta svært god. Elles er epostmeldingar og telefon nyttig i lagsdrifta og blir mykje brukt.

Hallinglaget har arrangert 2 minikurs i hallingspringar på sundagar dette året òg! (26. januar og 5. oktober). Minikursa er på ein og ein halv time før Folkedanskvelden startar. Desse kursa samlar minst 20 deltarar med folk i alle aldrar og dei skapar god blest om dansen vår. Laget rettar ein stor takk til dei som gjorde desse kursa mogeleg. På det første minikurset var Knut Skrindo instruktør og på det andre var Simon Hesselberg Løvald instruktør. Vår særsvarende spelvinne Hilde Kirkebøen spelte på begge kursa.

Merk dykk at minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er gode! Her kan ein repetere eller prøve seg på nye dansar, alt frå rørspols til springleik. Spesielt polskursa er populære, dei samlar langt over 30 deltagarar. Heldigvis er også hallingspringaren så populær at minikursa går i pluss. Hallinglaget satsar på desse minikurs og vil halde fram med det.

Hallinglaget fekk ikkje deltatt på Buskerudkappleiken som var på Kongsberg 5. april.

Mange medlemer frå Hallinglaget var med på Den norske Folkemusikkveka på Ål, siste helga i mai (28. mai - 1. juni). Hallinglaget fylte opp to hytter på Satakroken Camping og hadde det veldig bra der! Det høvde godt at det var Kristi himmelfartshelga, for då var det mange som kunne ta fri fredagen. Og det vart overveldande fine dagar, med bra vær, steikande sol, gode konsertar, masse dans og stappfullt med folk. Sjå eige skriv om desse dagane i denne utgåva av Hallingljom. For Hallinglaget er slike fellesturar viktig for samhaldet og venskapet i laget.

Då Bygdelagsstemnet på Bygdøy (1. juni) kolliderte med Ål vart det lite folk frå Hallinglaget der. Men hugs at Hallinglaget skaffar fribillettar til dei som vil danse og til dei som er medlemer i laget. Og det er ei stor oppleveling å danse ute i dei vakre tuna/scena.

Den årlege Spikjikjøtturen til Hallingbu gjekk av stabelen onsdag 11. juni, der 12 personar var med. Været var bra og alle som var med var nøgde. Alle fekk benka seg rundt langbordet ute og me åt uss mette. Det er så triveleg på desse turane at det er vondt å bryte opp frå bordet. Men oppryddinga går alltid greitt, for det er så mange dugande folk med. Marka er på sitt beste på denne tida. Det er referat frå denne turen i Hallingljom 2/14.

For åttande året på rad stilte Hallinglaget på lagdans under Lanskappleiken, som dette året var på heimebane, dvs. Geilo! Hallinglaget klarte å stille med seks par, for mange i laget skjønte at Geilo er eit av dei beste stadene ein kan ha Lanskappleik. Det vart som vanleg, sjeldsynt moro der! Eg trur at alle fekk oppleve dansegleda minst ein gong!

Så takk til dei som tok seg fri og deltok. Laget takkar Berit Grøtt Ellefsen og Oddmund Vestenfor, Else Mohn og Olav Sem, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal, Heidi Wie og Geir Tretterud, Hilde Kirkebøen og Knut Skrindo, Karin Code og Terje Grangård. Me hadde godt dansespel – både Rebecca Lofft og Ole R. Imset spelte for oss. Plasseringa vart so som so, me fekk ein 25 plass av 29 startande lag. Så me må nok øve meir, sleppe uss meir laus og få til meir moro på scena! Det er vanskeleg, men moro at Ål-spel og danselag vant heile lagdansen. Hurra for dei!

På den store dagnaden 13. august var det frakting av alt som me trong til den nye pipa på Hallingbu. Moro at folk stilte opp og at me klarte det! Dei som var med må nemnas: Else Mohn, Elin Berget, Heidi Wie, Inger og Hallvar Opheim, Michel Gascoin og underteikna.

Den 11. oktober vart det skipa til ein 115-års Jubileumsfest saman med Valdreslaget. Det var ein god idé å samle alle danseglade i laga til ei fin markering ved å lage til årets dansefest. Me fekk med mange av våre kjære spelemenn/kvinner til å spele for oss. Og danseselet var så bra at ein kunne danse heile kvelden utan å bli sliten. Kjempegod mat vart servert, samt konsertar og underhaldning av høg kvalitet. Det slo meg at nokre av dei beste i folkemusikken stilte opp for oss. Desse artistane var med: Hilde Kirkebøen, Ulf-Arne Johannessen, Laura Ellestad, Sivert Holmen, Sverre Gjevre, Reidar Skjelkvåle og Olav Sem som deklamerte Fanitullen på ein sær god måte (Hilde spelte til).

På Oslokappleiken laurdag 22. november stilte Hallinglaget opp i lagdans! Karin Code spelte for oss og me fekk med heile seks par. Dei som dansa var Simon og Mari, Sigbjørn og Gro Sissel, Terje og Grete, Svein og Heidi, Olav og Else, samt Torstein og Nora. I år måtte me sjå oss slått både av Numedalslaget, BUL og Valdreslaget som vant det heile. Men moro var det lell, det var over 300 på Riksscena denne

dagen og dagen etter var den store framsyninga på Operaen, som var full av glade folkedansarar frå heile landet. Det var topp underhaldning.

Også dette året skipa Hallinglaget til eit søkkande bra helgekurs i hallingspringar, helga 8. – 9. november, der alt klaffa. Dette året hadde me fått Ulf-Arne Johannessen frå Ål til å halde kurset. Sundagen fekk han hjelp av Silje Risdal Liahagen til å syne turane. Turane var synt så bra som dei kan, fleire av deltakarane sa at dette var det beste kurset dei hadde vore på. Dansespelet sørga Sjur Borge frå Gol for, han spelte toradar så alle kom i takta. Saman med den god maten som kvinnene i Styret laga, vart dette eit kurs i som fell i smak hos alle. Et er eige referat frå dette kurset i dette nummer av Hallingljom.

Hallinglaget var tilskipar av Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 16. mars og 30. november. Begge desse gongene spelte Enebakk Spelemannslag der Ola R. E. Imset er med og spelar. Det er kjekt, for Ola spelar nokre hallingspringarar for oss i pauza, slik at alle får sjå den fine dansen vår. Alle må merke seg at Folkedansnemnda i BLS arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen! Kvar sundag er det gode spelgrupper som spelar til dans der. Om me ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må folk ta seg ein tur nokre sundagar i året. Og ta gjerne med dykk ein danseglad person til, slik at me blir fleire. Eg foreslår at me satsar på ein sundag kvart halvår, der Hallinglaget stiller opp med fullt mannskap og set fart på dansen.

På juleavsluttinga den 3. desember vart det servert gløgg, klementinar, julekake og lefsekling frå Flå! Me prioriterte dansen med to spelemenn! Både Ola R. E. Imset og Hilde Kirkebøen spelte for oss til halv ti. Takk til alle som kom.

Hardingfela til Hallinglaget er no klar til å leigas ut til ein ny person som vil prøve seg på hardingfelespel. Laget håper at nokon vil melde seg, for laget gler seg over at fela vår er i bruk hos ein som vil lære. Sjå eigen artikkel om fela vår i dette bladet.

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar og er leiaren sitt hjartebarn. Begge utgåvene i år er trykt i farger hos CopyCat på Helsfyr, det er fine utgåver, men dei kostar peng. Så papirkopier sendes no berre ut til medlemer og til dei som er nemnt i bladet. Hallingljom deles også ut til dei som kjem på ei øving! Dei andre får avis på elektronisk form. Arbeidet med lagsbladet er veldig viktig både for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net), her ligg også dei siste nummer av Hallingljom lagra.

Dette året fekk Hallinglaget diverse stønad frå Oslo Nye Sparebanks Fond, Sparebank 1 Hallingdal, Skue Sparebank og frå Studieforbundet for kultur og tradisjon i Vågå. Tilskipingane våre har også dette året gått bra, så 2014 har vore eit godt år for Hallinglaget, sjølv om det vart eit underskot på grunn av dei store kostnadane på Hallingbu. Hallinglaget rettar ein kjempestor takk til alle som bidreg og som tar i eit tak for laget.

Har de noko på hjarta, så skriv det i bladet! Hallinglaget set stor pris på at folk skriv og engasjerer seg i det som me driv med. Vel møtt til eit nytt år.

*Leve Hallinglaget!*

*14. jan 2015,  
Terje Grangård*



*Dette Styret i Hallinglaget har halde stand sidan 2012, og arbeider svært godt saman.  
Frå venstre Berit Grøtt Ellefsen, Sigbjørn Galdal, Else Mohn, Terje Grangård,  
Elin Berget og Simon Hesselberg Løvald.*

## **MINIKURS i HALLINGSPRINGAR**

**Sundag den 1. februar i Halli kl. 18.00**

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved Silje Risdal Liahagen, A-klasse dansar frå Ål.  
Dansespel ved vår særskilte spelvinne Hilde Kirkebøen frå Ål.

Kom aleine, som par eller fleire i fylgje. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert!  
Inngangspengar: 120 kroner (80 kroner for studentar) som gjeld for heile kvelden.  
Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate!

Ta med deg danseskoga og kom og dans! Alle er velkomne.  
Oppfordring til alle: Drive litt PR for denne kvelden, så fleire lærer seg dansen vår ...  
Merk dykk at det i år er intense Folkemusikkdagar på Ål siste helga i mai og aktive  
Landskappleikdagar på Fagernes siste veka i juli! Sjå program og møt opp!

## **Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.**

### **Det er springardansing desse onsdagane:**

- |                 |  |
|-----------------|--|
| <b>7. jan.</b>  | Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar                    |
| <b>21. jan.</b> | Springarøving kl. 19.00. Ola R. Imset og Atle Haugen spelar        |
| <b>4. feb.</b>  | Springarøving kl. 19.00. Jegeir Trøim spelar                       |
| <b>4. mar.</b>  | Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar                    |
| <b>18. mar.</b> | Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen og Jegeir Trøim spelar    |
| <b>15. apr.</b> | Springarøving kl. 19.00. Hallvar Opheim og Eilev G. Myhren spelar  |
| <b>29. apr.</b> | Springarøving kl. 19.00.   |
| <b>27. mai</b>  | Springarøving kl. 19.00.<br>Utdeling av diplom til ihuga dansarar. |

### **Andre viktige hendingar dette halvåret:**

**Sundag 1. februar:** Minikurs i hallingspringar,  
**før Folkedanskvelden kl. 18.00.** Hilde Kirkebøen spelar!  
Det blir super instruksjon i ein og ein halv time ved  
**Silje Risdal Liahagen** frå Ål. **Møt opp!**  
Her kjem det mange og det blir mykje god springardans!

**Onsdag 18. Februar:** ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!  
Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Alle medlemer er velkomne.

**Sundag 22. mars:** Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden frå kl. 19.30.  
Denne kvelden er det **Enebakk Spelemannslag**, med **Ola R. Imset**, som spelar.  
Dei er gode og det kan bli nokre hallingspringarar i pauza!

**10. – 12.. april:** Buskerudkappleik på Gol!

**23. mai – 31. mai:** Folkemusikkveka på Ål!  
Kr.H.farts helga! Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta nokre fridagar i mai  
og bli med! Hallinglaget vil leige ei hytte eller to ein høveleg stad.

**Sundag 7. juni:** Bygdelagsstemnet på Bygdøy!  
Hallinglaget satser på å danse ein halvttime i tre – fire tida.  
Dei som dansar og dei med bunad (samt alle medlemer i BLS) kjem inn gratis!

**Onsdag 10. juni:** Spikjikjøttur til Hallingbu!

**19. juli – 26. juli:** Landskappleik på Fagernes!  
Landskappleiken vil samle mykje folk og Hallinglaget satsar på å stille i Lagdans!

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**  
Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

### **KONTAKTPERSONAR:**

Terje Grangård (48 20 46 52), ([grangard@online.no](mailto:grangard@online.no))  
Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), ([beritsatelier@hotmail.com](mailto:beritsatelier@hotmail.com))  
Elin Berget: (98 01 99 10), ([elinberg04@hotmail.com](mailto:elinberg04@hotmail.com))

## Årsmelding Hallingbu 2014

Med alt regnet som falt i byen tidlig i 2014 tenkte me ikkje på måking av taket på Hallingbu, men da Terje tok turen opp i slutten av mars, vart han overraska over forholda. På Snippen var det bart, mens det på Hallingbu var mykje snø! Mykje vatn i snøen hadde trengt inn i pipa og sprengt ho sunn. Pipa burde sjølvsagt ha vori pussa betre, det visste me, men no fekk me ein dyrekjøpt erfaring da det viste seg at grunn därleg vedlikehald/ puss, dekka ikkje forsikringa skadane på pipa. Da er det godt å vera i eit lag med positive og nevenyttige folk! Og slik vart det te at det meste på Hallingbu dette året handla om pipa.

Mai byrja med førebuing til bygging av stillas der grove råler ble hogde ned og barka, og plank kappa opp i passe lengder. Samtidig såg me oss naudsynte te å brenne opp masse kvist og kvas som låg att etter ein stor veddugnad. Med Svein som bålsjef fekk me tak på det meste, etterkvart så ivrige at gamle råtnede madrassar innanfrå også vart slengd på bålet, med det resultat at eit politihelikopter sirkla faretruande lågt over hytta. Men det gjekk bra det au.

I juni gjekk var me tolv stykker på den årlege Spikjikjøtturen . Flott tur med god mat, gode samtaler, kaffe og te i solveggen, og sjølvsagt bading, eg minnest at Trond stupa uti, så det var alt da varmt i Ormtjønn.

Stillaset vart satt opp i byrjinga av juli, i regi av Terje og Michel, dette var noko nevenyttige ingeniørar kunne forstå seg på.! Me andre heldt oss te vedhogst og matlagning i det fri, og avslutta kvelden inn ved peisen før me krøyp til køys, alle nøgde og mette.

Vidare i løpet av juli skrudde Terje ned pipehatten og Michel nøyt ein tre dagars overnatting på hytta, der han henta materialar me fekk av Gisela (ho eig nabonytta). Og dette er ein kar som ser løysingar der andre kan hende ville sett hindringar; symjande med akebrett over vatnet til og frå Giselas hytte, fyrst med brettet fullt av matvarer og så attende med materialer , godt gjort!

I midten av august hadde me ein durabeleg dugnad og fekk frakta inn hovedmaterialane te ny pipe, frå Sinober te Hallingbu. Me var sju, og inn kom lecaelement, foringsrør, 20 kilos sekkar med mur og mørtel, beis og nokre bord. Til å hjelpe oss hadde me gode ryggsekkar, og ei sekketralle, Og jammen skal eg seie me fekk dreis på tralla gjennom skogen, som eit godt hestespann over stokk og stein, opp og ned bakkar, eller som Prøysen så fint sa det: « med småbruk oppi Åsmarka der kjerringa er hest».

I løpet av august gjorde Terje dei siste finjusteringane på stillaset samt at han banka ned toppen av den gamle pipa. Michel ordna på brønnhuset og avslutta kvelden med ein tre-retters hjå Gisela :D

Det vart fleire turar i august/september, der Terje var den desidert ivrigaste!, og ved god hjelp av Elin og Trond fekk han ned pipeelement etter pipeelement. Elin rydda hytta inne og alle beisa ute, og bær fekk dei sandeleg au plukka.

Og endeleg, den 20 september stod den nye pipa på plass! Etter 4-5 timer var både murar og handlangar Terje, sokkande nøgde. Eg bøyar meg i støvet for ein fantastisk innsats sumaren og hausten igjennom!

Eit par haustturar har det også blitt, i kombinasjon med god bærsank.

Elin og Terje har vori oppe og fjerna stillaset, og da skruvane gjekk tvert av og fleire av trinna røyk, vart det tilløp til dramatikk. Så slike skruvar brukar me ikkje meir. Elin fekk beisa meir av hytta og Terje halve uthuset.

Når me ser på oppgåver framfor oss, har me alt ei ny liste takka vere Michel og hans snikkarkompis som i sumar såg over hytta . Me treng fyrst og fremst nye vindskier og isleakter og å skifte ut nokre mønepanner. Vidare skal med sjå ordentleg på eventuelle råteskader.

Enn så lenge stend hytta tom, og ventar på eit nytt år forhåpentlegvis med mange gode besøk, aktivitetar

og hygge både inne og ute.

Eg gler meg mest tel stemninga og roen, ein fisk på bålet og go'praten med gode vene. Og etter ein gong å tusle ned til vatnet, la seg sleppe ned i svalande mørke Ormtjøn, og kjenne livet sitre under huda.

*Else*



*Stor innsats med sekketralle i skogen! Takk til Heidi Wie og Else Mohn.*

## Koia ved Hallingbu

Den vesle koia (6 m<sup>2</sup>) ved Hallingbu vart selt for kr. 320.000 i oktober i år (under det verste regnværet!). Det var ein dryg pris, sjølv om tomta er på 1,4 mål. Me i Hallinglaget tenker at Hallingbu minst må vere verdt fire gonger meir! Hurra! Hytta er av uendeleig verdi for oss som er vene av bua.

Den nye eigaren av koia heiter Sjur Olav Hesla, han er 54 år og er frå Gol! Han er fastlege ved Sinsenklinikken. Då han er halling reknar me med at naboskapet skal gå bra og at me kanskje kan ha litt gjensidig nytte av kvarandre.

Generelt er alle hjartelag velkomne til Lillomarka/Hallingbu, det er ikkje akkurat folksamt der.

*Terje*

## **Medlemspengar i Hallinglaget for år 2015**

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**


Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

**Bankgiro innbetalingskort skal ligge ved første sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet!** Betal snarast råd, dvs. i første kvartal. **Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet.** Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988.**

---

### **Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:**

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
  - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
  - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
  - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
  - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
  - Informasjon om andre folkemusikktokipingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
- 



*Så blid blir ein etter ei øving i Hallinglaget. Vår kjære spelvinne Hilde Kirkebøen og vår gode danseleiar Simon Hesselberg Løvald. Og Laika i kjent springarpositur ... Kos!*

## Folkemusikkveka på Ål 2014

Folkemusikkveka var i fjor siste helga i mai (Kristi Himmelfartshelga), og vart ein stor suksess både for tilreisande og fastbuande. Hallinglaget fyllte opp to hytter i Satakroken camping, og det var fleire som budde andre stader. Folk gjekk mann av huse desse fine vårdagane på Ål, det har vel knapt vore meir folk i Myhren (gågata) enn under showet til Aleksander Rybak og laustevlinga, der prisen til vinnaren er heile ti tusen kroner.

Det «nye» mottoet til Folkemusikkveka er:

**«Kom for musikken**

**Kom for dansen**

**Kom for festen»**

Godt sagt, og dette har eigentleg vore temaet sidan 1976, året då Folkemusikkveka starta opp! Slik vart det i 2014 og slik blir det nok også i 2015. *Så bli med på tur til Ål til våren, i år er Folkemusikkdagane frå 23. mai til 31. mai, dvs. siste helga i mai ...*

Det vart ikkje skrivi noko om desse dagane i haustens utgåve av Hallingljom, for det er ikkje lett å gje uttrykk for sine inntrykk etter slike dagar. Dei må opplevast og mange fekk dei med seg i år. Og det vart overveldande bra vær, steikande sol, imponerande konsertar, morosam dans og stappfullt med folk. Dei som leigde hus i Satakroken var etter det eg minnest: Else, Olav, Heidi, Mari, Anne, Svein, Trond, Bjørn og underteikna. På torsdagen fyllte fem av oss opp ein bil og vitja Flå Bjørnepark og dei som var med, vart vene med dyra og likte seg i Flå, trur eg?

Kva kan ein nemne av Folkemusikkdagane? Alt klaffa! VILNISS - årstidene: for ei framsyning! Musikk-quiz, Dans inne og ute, Rybak show og laustevling i gågata, dei beste intimkonsertar som ein kan delta på, Festkonsertar og stinn brakke på hotellet. Samt folkedans og gamaldans av beste merke både fredag- og laurdagskvelden. Blide folk over alt, det er verkeleg moro når det går bra for folkemusikken.

Eg blir alltid så imponert av intimkonsertane på Ål, dei er no lagt til Aal Pensjonat, eit lite og intimt lokale rett opp for Sundre torg. Fyrst ut var «Meisterspel på hardingfele» ved Ottar Kåsa og Lars-Ingar Meyer Fjell. At det vart meisterspel merka me som var der! Neste konsert hadde tittelen «Felespel på bristepunktet» med Olav Luksgård Mjelva og Per Anders Buen Garnås. Kan det blir betre enn dette? Å sitja fem meter framom meisterspelemenn som spelar for fullt? Her viser Ål det klassiske felespelet, slik den har vore utøvd i generasjonar, usminka og kjempegodt. Takk for det!

Eit råd for neste år: alle må få sett ei oppsetjing av *Villniss* som består av Silje Onstad Hålien, Ådne G. Kolbjørnshus, Margit Myhr, Andreas S. Ljones og Anders Løfberg. Her får ein sett dans som ein ikkje har sett før, vist med ufatteleg dyktighet og humor.

Ein stor takk til dei som står bak Folkemusikkdagane. No med vår venn Ulf-Arne Johannessen som leiar. Han får særskild hjelp av Ål spel- og danselag og anna godtfolk frå Ål og Hallingdal. Dugnadssinnsatsen er framleis levande i Hallingdal.

*Terje*

## Cd sleppt te Ulf Arne

Med vind i håret over eit åpent og forblåst Youngstorget ein sundag i oktober sleit me oss fram til eit lite lokale rundt hjørnet av torget, Cafè Månen, der Asgaut Bakken i haust har hatt regi for store folkemusikalske møte under navnet Sølvsuper. Denne sundagen for å vera med på Ulf Arnes plateslepp; Einpikkar'n.

Og me fekk te fulle det me kom for. Ulf Arne som den meistaren han er på spelet sitt; drivande, vart, lystig og lurt, eller som Hallgrim Berg skriv i si omtale av plata :«Han spelar springar og halling på einraders durspel, einpikkar som ein si i Hallingdal, på ein måte som ingen annan gjer han etter. Det er energisk, distinkt, avklåra musikk med eit dansedriv som han er åleine om.»

Vidare krydra Ulf Arne konserten med gode historiar om både spelets- og slåttanes historie, liv og vandring oppover Hallingdal , frå 1870- talet da einpikkaren kom te Hallingdal og heilt fram te i dag. Det er så tydeleg at heilheten er viktig for han, noko som gjev ein god og full oppleving. Å kunne lene seg tebake og nyta denne stunda mens livet hastar forbi ute; ein skatt av ein kveld.

Me gromkosa oss- takk te deg nok ein gong Ulf Arne!

*Else*



*Einpikkar'n*

Eg anbefaler alle som fortsatt ikkje skulle ha skaffa seg cdén te å gjera det, for den e god som gull!  
*Merk dykk at Hallinglaget har sikra seg eit par kopiar som er til sals.*



Fotograf: Anbjørg Myhra Bergwitz

Ål-spel og Dansarlag vant lagdansen på Lanskappleiken i fjor og fekk danse på den store festframstykkinga på Den norske Opera 23. november. Her var det orden i rekken!

Spelemannen Arne Anderdal til venstre. Dei som dansa var:

Håkon Tveito og Sigrunn Høgseth Berg, Ola Stave og Unni Johannessen, Svein Inge Øen og Aud Berit Johannessen, Jon Martin Uhlen og Åse Håheim, Eldgrim og Frøydis Springgard, Bjørn Lien og Sigrunn Bæra Svenkerud, Øyvind Kvile og Ingerid Elverum, Torstein Gjeldokk og Nora Thorsrud, Thomas Stensgård og Agnes Kirkebøen, Ulf-Arne Johannessen og Solfrid Nestegard Gjeldokk. Totalt 10 par, godt at det er mange som kan danse hallingspringar i Hallingdal.

## BYGDEDYRET i HALLINGLAGET?

Det æ sikkert mange då dikko som lesa Hallingljom, som ha hørt om Bygdedyret og ikkji minst kjent det på skrøtten. Kansi ha mange flykta frå Bygdedyret te storbyen, i håp om å sleppe undå dette marerittet som rører seg mest overalt. Men so enkelt er det nok ikkje, å kome seg undå.

Etter ei kort stund i storbyen dukkar det fram, også her, midt i heksegryta. Dette ukruet ser ikkji ut te å la seg stoppe av store blokker eller motorvegar. Det har mange likskapstrekk med det me i biologien kjenner som såkalla pestartar.

Kos æ no dette Bygdedyret vølen?

“Dette ha me prøvd før”, “Me få sjå”, “Ko va’re e sa”, “No ser du kos det gikk”, “No har du berre de sjøl å takke”, “Kos æ ru vølen då fødnен”

Bygdedyret æ med andre ord ikkje så lett å få auga på. Det viser seg vel meir fram, kansi aller mest i språk og tale. Leve det eit slikt atasle dyr i uss alle? teinkjer eg.

I naturen viser Bygdedyret seg fram i ulike variantar. Eg kan kort nemne ein ganske kritisk variant som me finn mest av uppe i fjellbygdene; "Chriticus alpina". Lenger nede på flatbygdene og i byane har me ein nær slektning; "Chriticus urbanus". Det vil sjølv sagt gå for langt å kome inn på alle her, men eg kan ikkje la vere å nemne "Nyskjerrigperus maxima" og ikkje å forgloyme den kansi mest hissige av alle "Mobbus vulgaris".

Kan du skjøne deg på at det enno ikkje er øpna for lisensjakt, med ein duvele skøtpremie, for å meie ned dette svineriet. Det burde det so absolutt ha vore gjort noko med, for lengje sidan.

Ko med Hallinglaget i Oslo? Dette kunne vere ei prioritert sak for Hallinglaget i 2015 - dette laget som er so vide kjent for å teinkje nytt og framoverlent. Kva med å kurse aktuelle jegerar fram mot jaktsesongen i 2015? Der trur eg mange vil melde seg.

Eg håpar virkeleg at medlemmene i Hallinglaget let seg rive med i denne viktige saka. I neste nummer av Hallingljom kan eg alltid skissere nokon raske karikaturtegningar av dette ukruet. Kansi fleire i laget hiv seg med? Det hadde vore eiskrele moro. Alt vil avhengje av om redaksjonen vågar å publisere slike ytringar. Det æ ikkji berre berre å spørkji med Bygdedyret.

*Olav Arne*



Fotograf: Anbjørg Myhra Bergwitz

Operaen 23. nov. 2014: Olav Sem og Rønnaug B. Larsen dansa Telespringar, vinnarar av D-klassa.  
«Desse var av dei beste, slik skal det gjerast!»

## Folkedanskveldar våren 2015

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!  
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	Storsalen kl. 19.30 -22.45	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
4. jan	<b>De Frilynde</b>	Rørospols	Folkedansnemnda
11. jan	<b>Dølalæte</b>	Valdresspringar	Valdreslaget
18. jan	<b>Fanteladdane</b>	Finnskogspols	Hordaringen
25. jan	<b>Bærum spelemannslag</b>	Bingsjøpolkska	Sogn- og Fjordaneringen
1. feb	<b>Eiker spelemannslag</b>	<b>Hallingspringar !</b>	
8. feb	<b>Østerdølenes spellmannslag</b>	Stildans	Symra
15. feb	<b>NMH Folk</b>	?	Telelaget
22. feb	<b>Vinterferie – utgår!</b>	---	---
1. mar	<b>Brødrene Odde</b>	Springleik	Hordaringen
8. mar	<b>Steinsgårdskroken</b>	Stildans	Symra
15. mar	<b>Farande Fant</b>	Bodapolska	Sogn- og Fjordaneringen
22. mar	<b>Enebakk Spelemannslag</b>	?	<b>Hallinglaget i Oslo !</b>
	<b>Påska 2015</b>	---	
12. apr	<b>Sofienberg Spelemannslag</b>	Rørospols	Hordaringen
19. apr	<b>Tonje og Stein Magne</b>	Stildans	Symra
26. apr	<b>Dølalæte</b>	Nordlandspols?	BUL
10. mai	<b>Bærum Spelemannslag</b>	Bingsjøpolkska	Sogn- og Fjordaneringen
17. mai	<b>De Frilynde</b>	<b>17. mai!</b>	Folkedansnemnda i BLS
31. mai	<b>Solveien spelemannslag</b>	?	Folkedansnemnda i BLS
07. jun	<b>Østerdølenes spellmannslag</b>	<b>Utedans !</b>	<b>Bygdelagsstemne Bygdøy</b>

**Inngang Folkedanskveld:** Medlemmer kr 80,- / ikkje-medl. kr 120,- / Studentar kr 50,-

**Inngang minikurs:** Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 120,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)** Berre kr. 80,- for studentar.

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

**Bygdelagssamskipnaden**

**Les meir på:** [www.bl.no](http://www.bl.no)

e-post: [bls@online.no](mailto:bls@online.no)

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

**Bygdelagssamskipnaden**

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: [bls@ungdomslag.no](mailto:bls@ungdomslag.no)

## **Styret i Hallinglaget 2014–2015**

**Leiar:** Terje Grangård Tlf.: 2252 2267 – heime  
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo 4820 4652 – mobil  
E-post: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no)

**Nestleiar:** Berit Grøtt Ellefsen  
Gåserudgata 2A, 3032 Drammen Tlf: 4804 0062 – mobil  
E-post: [beritsatelier@hotmail.com](mailto:beritsatelier@hotmail.com)

**Kasserar:** Elin Berget Tlf: 9801 9910 – mobil  
Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo E-post: [elinberg04@hotmail.com](mailto:elinberg04@hotmail.com)

**Skrivar:** Sigbjørn Galdal  
Skogveien 65F, 1640 Råde      Tlf: 4800 9581 – mobil  
E-post: [Sigb-g@online.no](mailto:Sigb-g@online.no)

**Medlemer:** Else Mohn  
Strømsveien 25, 0658 Oslo  
Tlf: 9587 9270 – mobil  
E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

Simon Hesselberg Løvald  
Vibes gate 10A, 0356 Oslo

## **Bladstyre for Hallingljom:**

**Leiar:** Terje Grangård Tlf: 4820 4652  
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no)

**Medlemer:** Olav Arne Løstegaard og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

## Hyttestyre for Hallingbu:

**Leiar:** Else Mohn Tlf: 9587 9270 – mobil  
Strømsveien 25, 0658 Oslo E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

**Medlemer:** Michel Gascoin, Trond Roseth, Mari Nustad og Hilde Kirkebøen.

**Revisor:** Alix Cordray **Tlf.:** 2225 2949

**Valnemnd:** Svein Aasen, Grete Iversen og Ola R. Imset.

## Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net) Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård  
Sjå også: [www.bl.no](http://www.bl.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com) og [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no).



Hallingbu



{P{J}

JR.96